

19.11.2010

## God framdrift med stølsboka i Uskedalen



Ståle Eik og Pål Haugland i røykstova

**Kontaktpersonane i Uskedalen for den nye stølsboka i Kvinnherad var samla til møte onsdag kveld i røykstova til Astrid og Pål Haugland.**

**Det er alt gjort eit stort og verdfullt arbeid med innsamling av historisk kjeldestoff og dokumentasjon.**

Pål Haugland og Ståle Eik saman med Kristian Bringedal har ansvaret for Uskedalen, frå Ljosnes til Eik/Steinsletto.

I tillegg er det sendt brev til sentrale personar med spørsmål om hjelp for å finna meir ut om heimestølane eller mjølkeplassane som dei oftast vart kalla.

Alle stølane vert nøyaktig kartfesta med GPS og der det let seg gjera, vertstølstufta fotografert og oppmålt.

Dersom nokon har bilete eller anna mionnestoff frå støling i fjellet eller på mjølkeplassane, er nemnda takksam for tilbakemelding.

Kaare Skaala er skriftstyrar for det store arbeidet med stølsbøka for Kvinnherad.

Dei første 100 sidene er alt ferdigskrivne.

Dersom framdriftsplanen held, vil boka vera i handelen neste haust.

Tekst og foto: Kristian Bringedal